

Heimel: Fastsett av kommuneoverlegen Alver kommune 15 desember 2021 med heimel i [lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 4-1](#)

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å avgrense spreiring av SARS-CoV-2 i ein periode med sterk auke i smittetal i lokalsamfunnet og i nabokommunar, og slik sikre forsvarleg kapasitet i kommunale helse- og omsorgstenester.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for alle som oppheld seg i Alver kommune.

§ 3. Forhold til anna lovverk

Reguleringa i dette vedtaket kjem i tillegg til dei reguleringar som følge av lov, nasjonale forskrifter og andre lokalt fastsette tiltak mot smitte. Ved motstrid mellom denne forskrift og nasjonalt regelverk, går forskrifta framfor fråvikelege reglar i lov og nasjonal forskrift.

§ 4. Krav om smittekarantene for personar under 18 år

Unntak frå krav om smittekarantene for personar under 18 år etter covid-19-forskriften § 4i fjerde ledd bokstav c gjeld ikkje i Alver kommune. For dei under 18 år som ikkje er husstandsmedlem eller tilsvarande nære, kan hurtigtest/sjølvtest erstatte PCR-test.

§ 5. Ansvar

Alver kommune tar ikkje på seg økonomisk ansvar som følge av pålagde tiltak.

§ 6. Straff

Forsettleg eller grovt aktlaus brot på reglane i denne forskrifta, straffast med bøter eller fengsel inntil 6 månader jf. [smittevernloven § 8-1](#).

§ 7. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft onsdag 15. desember 2021 kl. 12.00 og varer til tirsdag 21. desember kl. 24.00.